

VAL 2009

Stortingsval 14. september

Førehandsrøysting frå 10. august

Du har røysterett i Gulen kommune om du er norsk statsborgar, har fylt 18 år seinast 31.12.09 og er registrert i manntalet som busett her den 30.06.09. At du er rett oppført i manntalet kan du sjekke heilt fram til valdagen ved å kontakte ekspedisjonsavdelinga på tlf. 57 78 20 00.

Alle røysteføre skal få tilsendt valkort. Kortet bør takast med når du skal røyste.

Har du ikkje høve til å røyste i Gulen på valdagen, kan du førehandsrøyste på ein av desse plassane, som er opne for alle:

Kommunehuset, Eivindvik:

Kvar arbeidsdag frå 10. august til 11. september mellom kl 10.00–14.00

Gulen sjukeheim, Eivindvik:

Fredag 4. september kl. 11.00–13.00

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

Laurdag 5. september kl. 10.00–13.00

Byrknes bu- og omsorgssenter:

Laurdag 5. september kl. 10.00–13.00

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

Laurdag 5. september kl. 10.00–13.00

Brekke bu- og omsorgssenter:

Laurdag 5. september kl. 10.00–13.00

Du kan røyste på førehand i heimkommunen eller i ein annan kommune enn der du er manntalsført. Om du røystar utanfor eige fylke, vil du få utdelt ein kvit røystesetel som er påført dei registrerte politiske partia. Du må då krysse av for eller skrive på kva for parti/gruppe du vil røyste på. Røystar du i ein kommune i det fylket du er registrert busett i, vil du få utdelt vanlege røystesetlar med kandidatnamn. Ta med legitimasjon når du skal røyste på førehand. Hugs og på at røysta di må rekke å nå fram til heimkommunen din innan valdagen. Du bør derfor vere ute i god tid.

Heimerøysting

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til. *Frist for slik søknad er 1. september.* Om du får samtykke i å røyste heime, kjem det nokon frå kommunen heim til deg og tek imot røysta di.

**Aktive samfunnsborgarar
gjev positiv utvikling.
Bruk røysteretten!**

Røysting på valdagen 14. september

Her er eit oversyn over valkrinsane i Gulen ved stortingsvalet 2009:

| Krins: | Røystestad: |
|-----------|-----------------------|
| Eivindvik | Administrasjonsbygget |
| Dalsøyra | Dalsøyra samfunnshus |
| Eide | Eidsbotn grendahus |
| Byrknesøy | Byrknes skule |
| Brekke | Risnehall samfunnshus |

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.

Høg valdeltaking er eit viktig mål

Valstyret har slått saman røystekrinsar i år, slik at det no er 5 røystelokale i Gulen på valdagen, mot tidlegare 10. Dette kan føre til at einkilde får større vanskar med å kome seg til røystestaden enn før. Det finst ordningar med t.d. tidlegrøysting, førehandsrøysting og heimerøysting, som for nokon kan vere ein grei måte å delta i valet på i staden for oppmøte på valdagen.

På sjølve valdagen går skulerutene og andre buss- og båtruter som normalt. Desse kan vere vanskeleg å få til å klaffe begge vegar. Dei av dykk som ynskjer å røyste på valdagen, men som ser at de får vanskar med transporten til eller frå vallokalet, kan gje melding til Gulen kommune, tlf. 57 78 20 00, seinast 10. september, slik at skyss kan ordnast.



Endring av røystesetelen

Røystesetelen avgjer kva for eit parti du røystar på. Om du vil påverke kva kandidatar som skal bli valde innafor partiet, må du endre på røystesetelen:

- Du kan endre rekkjefølgja på kandidatar ved å setje eit (nytt) nummer i ruta til venstre for namnet til kandidaten(ane) slik at du markerer korleis du vil at rekkjefølgja på kandidatane skal vere.
- Du kan stryke kandidatnamn ved å setje eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta til høgre for namnet til kandidaten(an) du vil stryke.

For å få verknad ved valoppgjeret, må endringane ved eit kandidatnamn bli gjort av meir enn halvparten av dei veljarane som har røysta på vedkomande liste i fylket.

Ikkje ver redd for å endre på røystesetelen. Framgangsmåten står på røystesetelen. Røysta di blir ikkje forkasta sjølv om du gjer feill!

Meir informasjon om valet?

For dei som vil vite meir om valet, finst det god informasjon på den offisielle nettstaden www.valg.no

Viktig informasjon frå legetenesta i Gulen kommune

Ved mistanke om influensasmitte i form av symptom som: *feber, smerter i kroppen og hoste/hovudpine*, skal ein ta kontakt med vakthavande lege over telefon **57 78 41 13**. Ein skal **ikkje møte** på legekantoret eller venterommet **utan etter avtale**.

Ved influensasjukdom med behov for lege vil kommunen ha eit eigna kontor i beredskap for kontakt og eventuell behandling.

Meir informasjon finn ein på www.pandemi.no

Pensjonist med arbeidslyst? Om mange vert sjuke – treng vi vikarar

Har du arbeidserfaring og kompetanse innan undervisning/barnehage- eller pleiesektoren og kan tenke deg å ta i eit tak til beste for lokalsamfunnet? I så tilfelle er det fint om du kontaktar kommunen pr tlf. 57 78 20 00.

Vi vil spørje etter mobiltelefonnummer, namn, adresse, utdanning og yrkeserfaring. Dersom influensaepidemi gjer at vi manglar tilsette til dei viktigaste oppgåvene våre, vil vi ta kontakt for å høyre om du har moglegheit for å ta ei løna arbeidsøkt.

- Rådmannen

Helsing frå ordføraren

Gulen-sommaren er på hell, men for ein sommar...

Nydeleg ver i to-tre veker i strekk! Så lenge at mange måtte begynne å spare på vatnet, og at bøndene vart bekymra for 2. slåtten. Den som hadde klart å plotta ferien riktig i år, var heldig. Det har skjedd mykje i Sommar-Gulen. Store dugnadsprosjekt som avvikling av Vestlandsstemna i skyting. Gratulerer med eit vellukka arrangement! Og ca 150 4H-arar fordelt på Oppedal og Eivindvik. Dei rakk akkurat denne turen før hovudleiren på Breim vart avlyst pga svineinfluensa. Stakkars 4H-arar som hadde gleda seg så lenge...

Utkantfestivalen var ein suksess! Så flott å få oppleve god musikk og fin kunst i nærområdet. Utstillingar, fiskefestivalar og byggedagar er også med og sett flott farge på kommunen og gjer oss attraktive for både fastbuande og tilreisande.

Og endå er det mykje kjekt å sjå fram til! Eg ønskjer med dette å seie tusen takk til alle som har jobba dugnad og stilt opp på ulikt vis for å gjere alt dette mogeleg.

Det er også ein del viktige saker som blir behandla i desse dagar. Utrekninga av eigedomsskatten har skapt engasjement, og det er kome inn ein del klager. Desse vil sjølv sagt få si behandling, og kjem det fram klare urettmessige sider ved utrekninga, så vil politikarane vurdere det. Eit avisoppslag ville ha det til at kommunen var ute etter å få hytteeigarane. Det er ikkje sant, men det er marknadspris som vert lagt til grunn. Og det er lettare å få godt betalt for ei hytte enn eit bustadhus i Gulen.

Ei anna viktig sak er høyringa av framtidige båtruter i Gulen og Solund. Denne ligg på heimesida. Vi håpar flest mogeleg melder attende om korleis ein ønskjer desse viktige tilboda. Eg har observert underskriftsliste for kabelferje til Hisarøy.

Til sist vil eg ønskje alle nye og gamle elevar eit godt nytt skuleår!

14. september er det val! Både til storting og til sokneråd. Desse vala vil vere i same bygga, slik at det skal vere lettast mogeleg for deg som veljar. Eg håpar flest mogeleg vil bruke stemmeretten. Tenk om Gulen, arnestaden for demokratiet, kunne utmerke seg med høgast valdeltaking i landet!!

Helsing Trude
Ordførar



SMIL

Tid for søknad om spesielle miljøtiltak i landbruket



SMIL-ordninga har som føremål å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i Gulen. Beiterydding og restaurering av gamle bygg som stølshus og murar er døme på dette.

Alle som eig landbrukseigedom, eller som er registret i Enhetsregisteret og har fått løyve frå eigaren av landbrukseigedom, har høve til å søkje på SMIL-midlane. Prosjekt knytta til næringsdrift vert prioritert.

Gulen kommune har kr 109 000 att av tildelinga frå fylket i år. Søknadsfristen er 20. september. Ta kontakt med Plan, landbruk og teknisk v/Håvard Tveit for meir informasjon. Informasjon er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Landbruksvikar

No er det endeleg tilsett landbruksvikar i Gulen og på Høyanger sørside. Dette er ei tysk kvinne på 51 år. Ho vil vere klar for oppdrag 1. oktober. Nærare informasjon kjem frå avløysslaget. Ta vel imot landbruksvikaren.

Jegerprøvekurs 2009

Oppedal/Brekke skyttarlag og Gulen jeger- og sportsfiskarlag arrangerer obligatorisk praktisk jegerkurs for nye jegerar den 29.-30. august og 5.-6. september.

Kurset er på 30 timar, der 9 timar er sjølvstudium og kan gjennomførast på internett ved å gå til www.niff.no og så til jegerprøva.

Oppstart i Oppedal bygdehus 29. august kl. 10.00.

Pris: kr 1 200 Medlemmar i arrangørlaga vil få refundert halve kursavgifta. Aldersgrense 14 år. Påmeldingsfrist 23. august.

Eksamen vert avvikla fredag 11. september på kommunehuset i Eivindvik kl. 14.00.

Aktuelle bøker, som må kjøpast inn av deltakarane sjølv: Jegerprøveboka, eller ABC for jegerprøven.

Påmelding til obligatorisk/praktisk kurs v/Bjørn Ingvar Oppedal, tlf. 57 78 43 08/909 95 042. Påmelding til skriftleg eksamen v/Mona Nyland Elnes tlf. 57 78 20 45/482 91 868.

Sal av kommunale hjorteløyve 2009

Gulen kommune er grunneigar på Rørtveit som er med i jaktfeltet Lid på Sandøy og er tildelt 1 hanndyr, 2 ½ år eller eldre.

Gulen kommune er grunneigar i Prestegarden jaktfelt og er tildelt 1 hodyr, 1 ½ år eller eldre.

Pris: For dyr 1 ½ år eller eldre er prisen kr 5 000 inkl. mva.

Interesserte jegerar kan melde sine ynskje til postmottak@gulen.kommune.no innan 20. august 2009. Dei med bustadadresse i Gulen går føre. Det vert gjennomført loddtrekning.

Hjortejakta 2009

Jakttida i Gulen blir som i fjor frå 10.09.–30.11.

Påkøyrslø av vilt

Ved påkøyrslø av vilt, ring Hordaland politidistrikt 02800 eller Gulen ettersøkslag:

| | | |
|------------------|-----------|------------|
| Karstein Elnes | Eivindvik | 971 40 824 |
| Kurt Westervik | Dalsøyra | 416 85 260 |
| Lars E. Haugsver | Haugsver | 976 67 912 |
| Bjarte Asheim | Brekke | 414 10 494 |

Funn av dautt vilt skal alltid meldast til kommunen på tlf. 57 78 20 45.

Kystsøge vekene 2009

8. august - 13. september

Laurdag 22. august

Sellevåg Treskofabrikk Open dag kl.13–17
Fureneset Sjømat på kaia kl.13–17

Sundag 13. september

Tur frå Takle til Stølen eller Skaret kl. 11.00
Takle Vassbruksmiljø Vassbruksmiljødag kl.13.30–17

Sundag 13. september

Gulen Fiskarbodemuseum Sesongavslutning kl.14–17

Sjå aktivitetsskalendar på www.gulen.kommune.no eller www.kystsogevkene.no for meir info.

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet - Revisjon

Den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast for kommande periode. Lag og organisasjonar som ynskjer å komme med innspel til planen vert invitert til informasjons- og oppstartsmøte i månadskiftet august/september (dato vert annonsert i pressa/kommunen si heimeside).

Laga vert oppmoda om i forkant å drøfte kva behov ein har for nye anlegg, og spele desse inn i gruppearbeidet på møtet, eller til kulturkonsulenten, Gulen kommune 5966 Eivindvik. E-post kan sendast til: anne-karin.misje@gulen.kommune.no

Kyrkjevalet 2009 i Gulen

Førehandsrøysting, valkort, ettersyn av manntal



Ved Kyrkjevalet 2009 skal det veljast sokneråd og 3 leke medlemmer til bispedømerådet. Valet finn stad **14. september 2009, alle krinsar kl. 10.00–18.00**, same tider og stader som stortingsvalet.

| | | |
|--------------|-----------------|------------------|
| Brekke sokn: | Brekke krins | Brekke skule |
| Gulen sokn: | Dalsøyra krins | Dalsøyra skule |
| | Eide krins | Eidsbotn gr. hus |
| | Eivindvik krins | Kommunehuset |
| Mjømna sokn: | Byrknes krins | Byrknes skule |

Førehandsrøysting:

Det vil være mogleg å røyste på førehand i tida **10. august 2009 til 11. september 2009**. Førehandsrøysting for alle krinsar utanom Brekke finn stad på kyrkjekontoret i opningstida. For Brekke sokn/valkrins kan ein i same periode førehandsrøyste i banken i Brekke.

Valkort:

Alle som er ført opp i Den norske kyrkja sitt medlemsregister med røysterecht vil få tilsendt valkort i august. Røysteføre er alle døypte medlemmer av Den norske kyrkja som er over 15 år, eller som fyller 15 år i 2009.

Den som er medlem i Den norske kyrkja, og ikkje får valkortet, kan kontakte Gulen kyrkjekontor, for å få retta opplysningane i Den norske kyrkja sitt medlemsregister. Medlemsregisteret er grunnlag for kyrkjeleg manntal. Den som får valkort, men ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan gå fram slik valkortet føreskriv for å bli sletta av medlemsregisteret.

Ettersyn av manntal: Kyrkjeleg manntal for sokna i Gulen er lagt ut til ettersyn på Gulen kyrkjekontor i den vanlege opningstida til kontoret i perioden 10. august til 11. september. Det er berre høve til å kontrollere opplysningane som vedkjem ein sjølv, eller ein annan person som ein har fått skriftleg fullmakt frå. Den som meiner at ein sjølv eller nokon annan uriktig har vorte ført inn eller utelaten frå manntalet i soknet, kan krevja at valstyret rettar feilen. Kravet skal være skriftleg og grunngjeve og motteke innan 1. september.

Les meir om valet på www.kyrkjevalet.no.

-KVA FOR KYRKJE VIL DU HA?

Dette skjer i kyrkja

16. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

23. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

30. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje.

3. september (torsdag) kl. 20.00:

Generalprøve til radiogudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

6. september kl. 11.00:


Gudsteneste i Gulen kyrkje. (Direkte overføring i NRK P1)

13. september kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje.
Presentasjon av dei nye konfirmantane.

Radiogudstenesta:

Ver merksam på at NRK-radio er på plass i Gulen kyrkje 6. september og 29. november for å sende direkte på P1. Generalprøve torsdag 3. september. kl. 20.00 og torsdag 26. november kl. 20.00.



Utdeling av midlar frå Borghild og Bernhard Indregaards legat

Formannskapet i Gulen er styre for legatet. som har kr 23 840 til utdeling i 2009. Legatet skal vere til framhjelp for hagebruket, skogbruket, husdyrbruket, jordbruket og smånæringane i kommunen.

Midlane skal fortrinnsvis delast ut til personar som har gjort ein særleg innsats for jordbruket.

Bondelag og bondekvinnelag i kommunen kan også kome i betraktning.

Einskildpersonar, lag og organisasjonar kan fremje forslag for styret. Forslaga må vere innkomne til Gulen kommune før 1. oktober 2009.

Minigravar/ utleige

M/U førar, 2,7 tonn
Graveskuffe, hydraulisk pusseskuffe og bomsving. Transport vert ordna.
Rune Takle tlf. 913 81 110